

Unge musikantar ut i det blå.....

20.06.2007



Nesten alle som deltok i Rosendalturen er med på dette biletet. (Foto: Sveinung Bauge)

**Det er moderne og populært med blåturar. Tirsdag kveld var det dei unge musikantane i skulemusikken som fekk ein blåtur som forslø og som i høgste grad verka motiverande.**



Dei var berre så passeleg fornøgde då dei kom til den siste øvinga i sesongen med beskjed om at dei måtte stilla opp ein halv time før tida og rekna med øving i tre timer.

Det er driv over dette skotet til Birger Bauge! (Foto: Sveinung Bauge)

Men mismotet vara ikkje lengje, for dei fire styredamene dukka sjokkarta og utkleddde opp og bad dei med ut på tur!



Turen gjekk til putballbana i Rosendal der det var halvannan times tevling med Silje Bråtun som den suverene meister med 39 poeng. Efterpå gjekk heile gjengen på kafe og åt hamburgarar og pommes frites. Kanskje var det nettopp ei slik oppleving som skulle til for å få dei unge musikantane til å satsa på ein ny sesong med friskt mot?.

Spennings stig - kva får Silje Bråtun som premie etter putballkampen? Jo, det var eit kålhovud! (Foto: Sveinung Bauge)

Dagen etter overraskingsturen opplevde dei noko heilt anna – under kraftverkopninga i Matre! Når ein er korpsmusikar i Uskedalen går skjermt og alvor side om side!



Dette er styret i Uskedal Skulemusikk!. Dei som sit her er Randi G. Zimmer, Kari Anne Yri Halvorsen, Gerd Ingunn Bauge og Magni Traavik! (Foto: Sveinung Bauge)